

Innhald

TT ordninga i Møre og Romsdal	1
Generelt om TT-ordninga	1
Dagens TT-ordning	1
Oppgåvedeling og administrasjon av ordninga	2
Kommunal godkjenning	2
Kombinert godkjenning	3
Fylkeskommunal godkjenning	3
Brukergruppeinndeling	4
Reisestøttebeløpet	4

TT ordninga i Møre og Romsdal

Generelt om TT-ordninga

Transportordninga for menneske med nedsett funksjonsevne (TT-ordninga) gjeld for personar som på grunn av varig nedsett funksjonsevne, eller funksjonsnedsetjing som varer lenger enn 2 år, ikkje kan nytte det offentlege transporttilbodet der dei bur.

TT-ordninga er meint å vere eit supplerande transporttilbod som gir personar med nedsett funksjonsevne moglegheit til å delta i aktivitetar i nærmiljøet på lik linje med anna befolkning, og blir gitt i form av eit reisetilskot.

For å bli godkjent som TT-brukar må søkjar dokumentere at vedkommande, på grunn av fysisk eller psykisk nedsett funksjonsevne, ikkje utan vesentlege vanskar kan nytte offentlig transport. Det er altså graden av funksjonsnedsetting som er avgjerande for deltaking i ordninga.

Manglande rutetilbod blir såleis ikkje vektlagt i søknad om TT-ordning. Som hovudregel vektleggjast ikkje vanskar med å bere varer, bagasje eller anna mellom heim og haldeplass, bratte bakkar eller lang veg til haldeplass.

Dagens TT-ordning

Det er fylkeskommunen som forvaltar TT-ordninga, mens saksbehandlinga knytt til godkjenning av brukarar og klagebehandling skjer i kommunane. Utgiftene til TT-ordninga blir i dag dekt av Møre og Romsdal fylkeskommune, i tillegg kjem statlege midlar til gruppe M5 (sjå definisjon nedanfor).

Pr 1. november 2025 er det registrert 2 478 brukarar i TT-ordninga og kommunane handsamar fortløpande nye søknader. Fordelinga mellom grupper og tildelte midlar kjem fram av tabellen:

Gruppe	Grunnlag for tildeling	Brukartal pr. august 2025	FK midlar pr. år (kr)	Statlege midlar pr. år (kr)
M1	Bor under 10 km frå kommunesenter	1 411	2 000	
M2	Bor over 10 km frå kommunesenter	646	3 500	

M5	Statleg TT-ordning	421	2 750	36 050
Total	Tal brukarar og sum tildelte midlar	2 478	6 240 750	15 177 050

M1 og M2 er den fylkeskommunale TT-ordninga medan M5 er den statlege TT-ordninga. Den statlege ordninga gjeld blinde, svaksynte og rullestolbrukarar.

Dagens brukargodkjenning varierer noko mellom kommunane og at terskelen for å få tildelt TT-rett kan vere noko ulikt ut frå kvar ein bur.

Sjølv om saksbehandlarar held seg til retningslinjene frå fylkeskommunen er det rom for vurderingar og tolkingar ved tildeling av TT-rettar.

For å sikra at brukargodkjenninga blir styrt på ein best mogleg måte innanfor dei retningslinjer og rammer som til ein kvar tid ligg føre er det tildelt kvotar til kvar enkelt kommune. Dette er gjort gjennom eit budsjett som fordeler midlane i høve til tal innbyggjarar og alderssamansetting i kommunane.

I år har budsjettet vore på 10 mill. kroner og maksimalt tal brukarar fastsett av fylkestinget er 4 000. Av desse er det plass til 500 brukarar i den statlege ordninga. Så langt i år er det tildelt midlar tilsvarende 6,2 mill. kroner til i alt 2 478 brukarar. Av forskjellige årsaker vil ikkje meir enn 70% av desse midlane blir brukt. Det vil derfor stå att ein stor rest unytta midlar ved utgangen av året.

Oppgåvedeling og administrasjon av ordninga

Fylkestinget vedtok følgjande under sak PS 44/25:

«Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren greie ut aktuelle organisasjonsmodellar for TT ordninga. Eit av alternativa kan vere at kommunane kan samarbeide om handsaming av søknader gjennom interkommunale godkjenningsordningar.»

Det er i denne saka vurdert tre forskjellige måtar å organisere brukargodkjenning og klagebehandling på:

- Kommunal godkjenning
- Kombinert godkjenning
- Fylkeskommunal godkjenning

Kommunal godkjenning

Dette er den ordninga vi har i dag. Det er i alt 5 fylkeskommunar som praktiserer denne ordninga.

Kommunen får søknadane. Søknadane blir behandla av saksbehandlar i kommunen.

Føremoner

- Kommunane har ofte ein nærleik til søkjarar og brukarar, kjenner brukarane og lokale forhold godt.
- Kan gi god og relevant rettleiing om både TT-ordninga, eventuell hjelp i søknadsarbeidet og gi informasjon om annan lokal transport.

Ulemper

- Ulik praksis og ulike tolkingar kan føre til ulik vurdering av grunnlaget for å bli tildelt TT-rett.
- Kommunane har ikkje eigarforhold til dei økonomiske ressursane i ordninga. Det er i hovudsak fylkeskommunale midlar som blir forvalta i ordninga (i tillegg statlege midlar for utvida ordning).

Som det går fram av fylkestinget sitt vedtak kan det eventuelt etablerast interkommunale samarbeid om godkjenning av nye brukarar og klagebehandling. Dette vil vere ei føremon i dei minste kommunane. Det er tilfeldig kor mange nye søkjarar som kjem i løpet av eit år og det kan vere

sporadisk når det er behov for saksbehandling i ordninga. Det er også slik at saksbehandlarane skal kjenne regelverk og rutinar godt nok til å kunne hjelpe folk i søknadsprosessen.

Kombinert godkjenning

Ein modell kan vere å la ei sentral godkjenningnemnd få ansvar for delar av godkjenningprosessen. Det er 2 fylkeskommunar som nyttar denne modellen i dag.

Prinsippet vil då vere at alle søknader som kan godkjennast ut frå førehandsgodkjende og definerte kriterium (diagnosar) behandlast og godkjennast av kommunane som i dag.

Alle søknader som ikkje fell inn i under dei førehandsgodkjende kriteria vil etter at kommunane har gitt si vurdering/innstilling, bli endeleg behandla og godkjent av fylkeskommunen eller ei godkjenningnemnd.

Føremoner

- Gjer saksbehandlinga enklare og raskare for kommunane.
- Dei meir kompliserte sakene får lik behandling i ei samordna godkjenning i fylkeskommunen/nemnd.
- Betre moglegheiter for å samordna ekspertise utanfrå ved behov for faglege vurderingar.

Ulemper

- Mindre heilskapleg oversikt. Saksbehandlinga vil gå føre seg i to instansar, som ikkje har moglegheita for nær samhandling i det daglege. Fragmentert ansvar og jobbing.
- Lite rasjonelt då det framleis vil vera like mange involverte i kommunane i tillegg til at fylkeskommunen må tilsetja fleire saksbehandlarar for å utføra sin del av saksbehandlinga.

Det står att å greie ut fleire forhold i det vidare arbeidet om dette skulle vere aktuelt:

- Korleis skal ei sentral godkjenningnemnd setjast saman
- Definere flyt/roller/rutinar i godkjenningprosessen, det må sikrast samspel mellom kommunar og fylke og klarheit i kven som skal gjera kva.
- Det må kartleggjast kva arbeidsomfang som vil liggja til ei sentral nemnd og kor mykje ressursar ho vil krevja. Dette må sjåast opp mot kva gevinstar ei slik brukargodkjenning vil bidra til.

Fylkeskommunal godkjenning

Dette er den modellen som er mest vanleg i fylkeskommunane i dag. Det er 8 fylkeskommunar som nyttar denne ordninga.

Dette alternativet inneber at alle søknader og legeerklæring blir sendt til Møre og Romsdal fylkeskommune og blir behandla av sakshandsamarar der. Klagebehandling vil skje i det fylkeskommunale klageutvalet.

Føremoner

- Ei adresse og ein instans for alle søknader.
- Større grad av likebehandling ved at alle søknader vert behandla i same instans/miljø.
- Eit godt grunnlag for rasjonelle og effektive godkjenningprosessar. Saksbehandlarar har dette som hovudoppgåve, og det vil etter kvart byggast opp erfaring og kompetanse som sikrar fagleg gode vurderingar.
- Større eigartilhøve til rammer og ressursar. Fylkeskommunen vedtar retningslinjer, løyver midlar, og med å ta hand om brukargodkjenninga får fylkeskommunen større innsikt i bruk av midlar og endra behov for midlar.
- Kommunane får frigjort personell til andre oppgåver.

Ulemper

- Avstand til brukar. Saksbehandlar vil ikkje ha den same kjennskapen til søkjarar og brukarar i TT-ordninga som kommunane har.
- Fylkeskommunen må tildele ressursar til ei oppgåve som ikkje blir utført i dag

Møre og Romsdal fylkeskommune ønskjer tilbakemelding på kva for organisering som er å føretrekke.

Brukergruppeinndeling

Gjeldande brukargruppeinndeling vart vedtatt i sak T 46/23. I dagens retningslinjer er tildelingsbeløpa basert på avstand frå brukarens bustad til kommunesenter. Det er i dag i følgjande gruppeinndeling:

Inndeling	Kjenneteikn	Godkjenning	Eigendel (kr)
M1	Under 10 km frå kommunesenter	Kommunal	40
M2	Over 10 km frå kommunesenter	Kommunal	40
M5	Blind, svaksynt og varig rullestolbrukar	Kommunal	40

I ein kommune kan det vere fleire tettstader eller sørVICESenter og avstand aleine kan derfor vere lite treffsikkert. Dette har fylkestinget tatt omsyn til i og med at brukergruppene M1 og M2 er slått saman.

Under pkt. 5 i sak PS 44/25 vedtok fylkestinget følgjande:

«Regelen om avstand over og under 10 km til kommunesenter, blir fjerna.»

Det betyr at fylkestinget ønskjer to brukergrupper M1 (fylkeskommunal ordning) og M5 (statleg ordning).

Mange innbyggjarar har behov for tilrettelagd transport. Ulike behov krev ulike løysingar, og det er nødvendig å gruppere dette på ein føremålstenleg måte. Tanken har vore at dei som bor lengst unna kommunesentrum har behov for mest reisestøtte.

Argument mot dette har gått på at dei som bor langt frå sentrum har senter nærare seg som dei nyttar og av den grunn er det ikkje naturleg å ha denne inndelinga.

Før vi gjennomfører fylkestinget sitt vedtak ønskjer vi eventuelle kommentarar til den nye brukergruppeinndelinga.

Reisestøttebeløpet

I sak PS 44/25 gjorde fylkestinget følgjande vedtak «Fylkestinget bed om at satsane i TT-ordninga vert auka slik at brukarane får nytte av ordninga.»

Tildeling av TT-midlar i 2025 er gjort etter dagens retningslinjer som betyr redusert reisestøttebeløp i høve til tidlegare. For personar som bur mindre enn 10 km frå kommunesenteret vert det tildelt 2.000 kroner pr. år og for personar som bur meir enn 10 km frå kommunesenteret vert det tildelt 3.500 kroner pr. år.

I tillegg til fylkeskommunen si ordning er det som kjent etablert ei statleg tilskotsordning som er eit utvida TT-tilbod. Denne gruppa er TT-brukarar med særlege behov, fortrinnsvis rullestolbrukarar og blinde/svaksynte. Denne gruppa har eigne retningslinjer og har eit reisestøttebeløp på 38 800 kroner pr år.

Fylkestinget gjer framlegg om at reisetilskotet i den fylkeskommunale TT-ordninga blir likt for alle brukarane.

Skal alle brukarane av TT ordninga bli tildelt same sats vil dette bety – med dagens brukartal og med dagens høgaste sats – eit forbruk på 8,750 mill. kroner. Men som kjent har fylkestinget tidlegare vedtatt at tal brukarar i ordninga skal vere 4 000. I så fall vil forbruket bli på 14 mill. kroner med høgaste sats.

Vi kan setje opp følgjande tabell:

Tal brukarar	Sats 2000 kr	Sats 2750 kr	Sats 3500 kr
2 000	4 000 000	5 500 000	7 000 000
2 500	5 000 000	6 875 000	8 750 000
3 000	6 000 000	8 250 000	10 500 000
3 500	7 000 000	9 625 000	12 250 000
4 000	8 000 000	11 000 000	14 000 000

I høve bestillinga frå fylkestinget bør satsen til ordninga aukast til minimum snittprisen av M1 og M2. I så fall betyr dette 11 mill. kroner i utløyste midlar dersom målet er 4 000 brukarar og alle bruker opp tildelte midlar.

Slik det ser ut i dag er vi ikkje i nærleiken av 4 000 brukarar og det ser meir realistisk ut med 3 000 brukarar i ordninga. Ut i frå dette resonnementet kan det derfor vere mogleg å gi 3 000 brukarar høgste satsen på 3500 kroner.

Blir reisestøttebeløpet sett til 3 500 kroner for alle – inklusive den fylkeskommunale støtta til M5 gruppa, blir det ei lita «overbooking» i tildelt beløp på ordninga. Dette tilsvarar ei tildeling på 10,5 mill. kroner. Ei tildeling som ligg i over budsjettet kan forsvarast sidan erfaringa er at tildelt beløp ikkje blir brukt opp.

Det er i desse tala ikkje teke omsyn til administrasjon av ordninga i kommunane eller i fylkeskommunen.

Fylkeskommunen ønskjer tilbakemelding og vurdering av aktuelt brukartal og reisestøttebeløp i ordninga.